

Nyhetsbrev 2023 10

Tilskot ved produksjonssvikt

Trass ein tørr føresommar har 1. slåtten jamt over gjeve gode avlingar. Blir attveksten av slåtteareal særst dårleg etter 2-3 veker, vurder då å melda inn eventuell avlingsskade via Altinn. Ein beitelogg og fôringslogg er god og viktig dokumentasjon ved ein eventuell søknad om tilskot ved produksjonssvikt. Så snart du trur du får produksjonssvikt, må du melda dette til kommunen via [Altinn Melding produksjonssvikt](#). Les meir om ordninga [her](#).

Miljøvennleg spreiring av husdyrgjødsel

Det er gledeleg at mange nyttar seg av dette. Tilskotssatsane for 2023 vil truleg vere på om lag same nivå som i 2022. Endeleg sats i 2022 vart for nedfelling/nedlegging av husdyrgjødsel kr. 85 pr. daa, og ekstra tilskot for spreiring med tilføreselslange kr. 55 pr. daa.

For å kunne søkje tilskot til miljøvennleg spreiring må:

- all husdyrgjødel for det aktuelle arealet verta spreia på denne måten, for alle gjødslingane i sesongen
- du kan godt bruke anna spreiemåte på noko areal på garden, så lenge du ikkje søker tilskot til miljøvennleg spreiring på det arealet
- maksimal mengde gjødsel inkludert vatn er 6 tonn pr. spreiring frå 2023
- all gjødsel må vera spreia innafor siste spreiedato 10. august
- du ha ein gjødslingsjournal, som viser gjødslingsmetode for ulike areal, spreimengde og tidspunkt for gjødslingane.
- føretak som ikkje disponerer utstyr sjølv kunne legge fram kvittering for leige av utstyr/
- leigekøyring

Me har/vil i løpet av våren og sommaren vera ein del turar ute på bygda for å observera kva areal som det har blitt brukt miljøvennlege spreiringsmetodar på. Dette slik at me har eit grunnlag for å vurdere søknader om tilskot når me kjem til søknadsperioden 15.09 – 15.10.



Bekjemping av landøyda – også langs fylkesveggar

Landøyda er ei fleirårig, stor og lett synleg plante. Den kan bli frå 30 cm til over ein meter høg. Blomstrar frå juli og utover. Heile planta er giftig og kan gi leverskade hjå storfe og særleg hest. Sau og geit tolerer gifta betre og held planta i sjakk.

Rogaland Bondelag utarbeida ein avtale med Rogaland Fylkeskommune der bøndene får, etter avtale med Rogaland Bondelag, løyve til å bekjempe og sprøyte problemugras på Rogaland Fylkeskommune sin veggrunn. Avtalen gjeld ut 2023, les meir [her](#).



Auka satsar for beitetilskot

Jordbruksavtala er viktig for å fremme klare rammevilkår, og sørge for at jordbruksproduksjonen skal vere økonomisk berekraftig. Årets jordbruksavtale blei forhandla fram mellom staten og Noregs Bondelag, og partane vart mellom anna einig om å styrke beitetilskotet. Beitetilskot etter ny jordbruksavtale er auka med totalt 537,9 millionar kroner. Se de nye satser her.

	Tilskot til dyr på utmarksbeite		Tilskot til dyr på beite	
	Storfe	Småfe	Storfe	Småfe
Ny sats, kr	1 442	410	810	90
Endring, kr	+ 350	+ 110	+ 280	+ 30

Regelverket om beitetilskot kan virka komplisert. Statsforvalteren har skriva ein artikkel om kva du må vite for å søkje om beitetilskot. [Den kan du lese her](#).